



Grunneigarar og naboar

Dykkar ref.

Vår ref.

2013/452 - 19075/2016

Saksb. – tlf.

Einar Lunde - 55 09 73 74

Dato

08.08.2016

Melding om vedtak: Godkjent områdereguleringsplan for RV 555 - Sotrasambandet - Kolltveit - Bergen grense

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11 har kommunestyret i sak 59/16, den 26.05.2016, godkjent områdereguleringsplan for RV 555 – Sotrasambandet: Kolltveit - Bergen grense. PlanID 20130001.

Planområdet strekkjer seg frå Kolltveit i vest til Bergen grense i aust. Føremålet med planen er å fastleggje løysing for nytt fastlandssamband mellom Sotra og Bergen.

Planen og vedtaket er lagt ut på Servicetorget i Rådhuset og på kommunen sin nettside www.fjell.kommune.no under kunngjeringsar. Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland av den som er part i saka eller har rettsleg klageinteresse. Klagen bør grunngjevast.

Klagefristen er 3 veker frå denne kunngjeringa. Eventuell klage sendast: Fjell kommune, Plan- og utbyggingssjefen, Postboks 184, 5353 Straume eller til postmottak@fjell.kommune.no.

Når det gjeld verknaden av godkjent reguleringsplan, vert det vist til § 12-14 i plan- og bygningslova. Planen er bindande for alle arbeid og tiltak som vert sett i verk innanfor planområdet. Krav om erstatning eller innløyning etter plan- og bygningslova §§ 15-2 og 15-3 må vere sett fram seinast 3 år etter denne kunngjeringa.

..12

Vi gjer merksam på reglane for innløyising, slik dei er fastsett i plan- og bygningslova § 15-3. Dette inneber m.a. at grunn kan krevjast innløyst. For fullstendig oversikt over reglane viser vi til plan- og bygningslova. Du kan kontakte Plan- og utbyggingssjefen for utfyllande informasjon.

Med helsing

Einar Lunde
sjefsingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.